FAU-møte Ålgård skole

Dato: 1.oktober 2026 18.00 – 19.00
Stad: Ålgård skole personalrommet
Meldt fråfall: Silje

FAU-representantar:

1. trinn: Linnea
2. trinn: Silje
3. trinn: Ingrid
4. trinn: Britt Elise
5. trinn: Kathrine
6. trinn: Brit
7. trinn: Lise

Rektor stiller

Referat:

Sak 1: Gjennomgang av referat fra sist FAU-møte 25.08.2026 (lenke dette her?)

Sak 2: Uteområde-dugnaden haust

Få oppgåver denne gongen.
Dugnadskomité framover: Silje, Linnea og Lise

Sak 3: Økonomi

FAU har 111.905 kr på driftskonto.

Me har 1 sekk jord frå tidlegare dugnad.

Det ligg mange kvitteringar i ein konvolutt på kontoret på skulen. Framover heller ta bilete av kvitteringar og sende kasserar Brit som legg det inn i systemet vårt på google drive.

Sak 4: Ballbinge

Ballbingekomiteen arbeider, men prosjektet treng oppstartpengar. Komiteen har søkt litt her og der. Her sit Øyvind, Oddvar, Celia. Dei ventar på å kunne søke på fleire midlar.

Sak 5: Smarttelefonfri barndom

Rektor lurer på om nokon i FAU vil eige dette arbeidet, og kan løfte det på foreldremøte, lese seg opp på dette, og føreslår ein plan om dette. Linnea og Ingrid tar dette ansvaret. FAU ønskjer å halde tema varmt, og med tida når dei yngste elevane er eldre, vil klima vere annleis. Eit langsiktig arbeid, men det opplevest som det er endringar på gang i foreldregruppa mtp bevisstgjering.

Bekymringar vart ytra omkring nettvett: tonen i meldingar, deling av bilete. Rektor informrerer at temaet blir undervist. Andre foreldre fortel om barn som kjem heim og fortel om dette.

Oppskrift på foreldrekontroll laga av nokon på GUS (framlagt på KFAU tidlegare): Kan denne leggast ut på nettsidene eller delast med foreldra? Rektor skal etterspør denne oppskrifta.

Det vart drøfta om familiekontakten til flyktningfamiliar kan bidra med informasjon til fleirspråklege.

Sak 6: Skjermbruk på SFO

Rektor tok tak i bekymring ytra på sist møte ang skjerm under måltid. Ho har hatt møte med SFO om dette temaet. SFO seier seg einige i skjermfrie måltid. SFO ønsker likevel å bruke skjerm til nøden mtp bemanning. FAU synest det er greit.

Sak 7: Trafikkvaktar i haustmørket

Som før vil me be om trafikkvaktar blant foreldre kvar morgon. Lage ei vaktliste frå 1.november og fram til jul. Brit tar denne. Lurt å lage skjema som Øyvind i fjor og dele med foreldre.

Sak 8: Forslag om dugnadsårshjul

Det går an å lage ei liste over oppgåver i løpet av skuleåra, og så skriv alle seg opp på denne i 1.klasse. Alle veit kva dei skal gjera i løpet av barnets skuletid, og alle vil få ei oppgåve dei kan bidra med. Det blir ikkje konkludert med noko, men ein tanke er sådd. Det hadde i alle fall vore lurt å sende ut eit skriv til klassekontaktane om kva dei bør gjere som klassekontakt, typiske oppgåver år for år. Rektor tek opp igjen tradisjonen med klassekontaktmøte kvar haust/oppstart.

Sak 9: Ymse

SU og KFAU har møte om ikkje lenge.

Neste møte: onsdag 4.november kl.18.00